

Vestland fylkeskommune

Søknad om auka løyving til mindre utbetingar – fv. 615


Vi er svært takksame for vedtaket som vart gjort i desember 2017; «Ramma til mindre utbetingar vert utvida med 40 millionar, fordelt med 10 millionar kvart år i perioden. I denne potten skal prosjekt knytt til Fv 724 Oldedalen og Fv 615 Hyen–Storebru vurderast.»

Så langt er det løyvd 10 mill. kr. til mindre utbetingar for parsellen Hyen- Storebru på fylkesveg 615, men vi har fått tilbakemelding frå Statens vegvesen om at dette ikkje er nok til å få fjerna nedklassifisering av vegen for tunge køyretøy.

Vi meiner at det ikkje er noko urimeleg krav å få løyvd så mykje at nedklassifiseringa kan fjernast. Dette er trass alt ein av dei dårlegaste vegane i landet. Vi ber difor konkret om at

- ✓ det vert utgreidd kva enkelttiltak som må gjerast for å få fjerna nedklassifiseringa
- ✓ det vert løyvd nok midlar til å utførte desse enkelttiltaka

Vi er kjendt med at 10 mill. potten snart skal ut på anbod, men vi vil heller vente eit halvt år til og få med alt enn å gå på ei ny runde for å få dette utført. Det vil også spare fylkeskommunen for byggherre- og entrepriserkostnader å ta alt samla.



Figur 3.2: Registrert vegbreidde langs fv. 615 (NVDB)

Grunnjeving for søknaden om tilleggsloøyving;

- a) **Viktig skule- og pendlarveg.** Borna som nyttar denne vegen som skuleveg med inntil 23km reiselengd har fortent ein betre og tryggare veg. Vegen sin tilstand er med på å påverke rekrutteringa til verksemder som t.d. Brødrene Aa og mange nyttar arbeidsvegen som årsak/grunnlag for å avslå tilbod om jobb.
- b) **Viktig veg for næringslivet.** Fylkesveg 615 er m.a. internvegen mellom SFE sine avdelingar på Sandane og i Florø og Brødrene Aa sine avdelingar i Hyen og Eikefjord. Etter ekstremnedbøren som kom 30.07.19 har Brødrene Aa fått øydelagt ein del av produksjonsutstyret og er difor blitt meir avhengig av transport mellom avdelingane sine.
- c) **Viktig veg for å knyte saman regionar (regionforstørring).** Det ligg eit stort potensiale i å knyte midtre Nordfjord tettare saman med aksen Florø - Naustdal - Førde
- d) **Næraste omkjøringsveg for E39.** Kjem det fleire stengingar på E39 er vi avhengig av at den nærmeste omkjøringsveg fungerer betre enn den gjer i dag. Vi vil minne om vårt innspel til RTP i september 2017 og vår presentasjon for samferdsleministeren 25.02.2019 på Skei;

Omkjøringsveg for E39;

Kva om E39 vert råka av ekstremnedbør?

MIDTVEGEN 615

BIND SOGN OG FJORDANE SAMAN



Skadane på fv. 60 er omfattande. Foto: Silje Drevdal, Statens vegvesen



LIVSNERVEN MELLOM NORDFJORD OG SUNNFJORD DER FOLKET, INDUSTRI, HANDEL OG KULTUR MØTAST

Med venleg helsing

Olav Klungre

Olav Klungre

Midtvegen 615 AS